

Naturvernforbundet Hordaland

Styrets årsmelding for 2024



Figur 1- Frå Naturvernhelga i Jondal.

Årsmelding 2024

Innholdsforteikning:

Naturåret 2024	s. 3
Organisasjon	s. 4
Arbeidsprogram 2024	s. 7
Prosjektarbeid	s. 9
Viktige enkeltsaker	s. 13
Organisasjonsutvikling.....	s. 14
I media 2024	s. 22
Resultatrekneskap	s. 28
Balanse	s. 29
Noter til rekneskap	s. 30
Revisor si fråsegn	s. 32

Naturåret 2024

Året 2024 har vore eit år med store miljørisingar, fleire uavklarte saker – og nokre miljøtap:

Hordfast ut av Nasjonal Transportplan (NTP) sparar verdifull natur i Bjørnafjorden, på Tysnes og på Stord.

Med stor innsats fra FNF har Statsforvaltaren stoppa eit forslag om ny veg **561 Kolltveit–Ågotnes**.

Ulovlege skogsbilvegar i Bergen: Etter 8 år med miljøkamp og gravearbeid, arrangerte Bergen kommune ei heildags høyring, der konklusjonen var at ulovlege prosjekt måtte opphøre. Vi har håp om at den verste dumpinga av avfall blir stoppa – men kommunen betaler framleis ut store offentlege subsidier til prosjekt som inneheld ulovlege strekk.

Planane for rasering av **Øksnesmarka i Austrheim** er sannsynlegvis lagt på is eller utsett.

Vindkraft-planane i **Modalsfjella** manglar førebels fleirtal i kommunen, derimot fryktar vi at **Snøheia** lenger nord kan få fleirtal. Begge område har naturverdier av internasjonal betydning.

Eidfjord Resort i Sysendalen har ein gyldig kommunedelplan for utbygging, men prosjektet manglar både investorar og løyve til å kople seg på kloakknett.

På Askøy sloss vårt lokallag for å forhindre at **Eidsvika** i sørvest blir omregulert frå LNF-område til havn og industriområde.

Det ferdigregulerte alternativet for **Bybanen til Åsane** («dagløysinga») blei stoppa i haust. No har byrådet i Bergen starta arbeid med ny reguleringsplan i fjell.

Hardanger lokallag kjempar for å stoppe planane om industrianlegg i **Tryglavik** nord for Jondal.

Statnett sitt forslag til **linjeval for ny kraft frå Samnanger til Kollsnes over Vaksdal, Osterøy, Alver og Askøy** har skapt stor mobilisering. Vårt lokallag i Nordhordland gjorde viktig utgreiingsarbeid om mobilisering i 2024 som kulminerte i fleire tusen i fakkeltog og over 70 vetebål i januar 2025.

Kokstaddalen er delvis øydelagt med skog som er tatt ned. Samstundes har Posten valt å selge tomte dei fekk løyve til å bygge ned, og flytte den planlagte postterminalen til Bjørnafjorden kommune.

Det blei i 2024 vedteke å starte opp arbeidet med **ny jernbane og E16 mellom Bergen og Voss** («K5») for å rassikre strekninga. Dette er eitt av landets største samferdsleprosjekt, og er stipulert å koste ca 40 milliardar kroner.

Organisasjon

For vår organisasjon har året 2024 har på fleire måtar vore eit brytningsår i Naturvernforbundet Hordaland (NVH). Den mest openberre synleggjeringa på dette er at administrasjonen bytta adresse, etter mange år på Bryggen. Frå 1. mars 2024 flytte dermed NVH til Friluftslivets Hus i Marken, med ny adresse Tverrgaten 4. I tillegg til lyse og trivelege kontorlokaler og ei betydeleg utviding av møteromskapasiteten, innebér flyttinga også ei styrking av det strategiske samarbeidet mellom NVH og Bergen og Hordaland Turlag, på vegne av naturen og miljøet

Vidare tilsette vi ny fylkessekretær i 2024. Pål Fidjestøl har fungert i rolla sidan sommaren 2023, men i løpet av året vart tilsettinga gjort permanent.

Vi har også i år fortsatt arbeidet med politisk opplysningsarbeid, særleg for å gi kommunepolitikarar og-administrasjonar kunnskap om den nye globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald (FNs Naturavtale).

Ved hjelp av prosjektløyvingar har vi arbeidet med plastjakt, sirkulære prosjekt, energisparing i privatbustadar, naturrestaurering, forskingsprosjekt osb.

Styret, administrasjonen og medlemmene sitt arbeid med fagleg-politiske saker har blitt oppretthalde på normalt høgt nivå, uavhengig av flytteprosessen. Grundige drøftingar på årsmøtet 16. mars sytte for ei god forankring og brei semje om vår vedtekne arbeidsplan. Denne legg vekt på arbeid mot naturøydelegging frå vegprosjekt, skogsbilvegar, hyttebygging, vindturbinar og andre former for øydelegging av natur og klima

Som arbeidsform har NVH brukt «innestemme» og dialogform i dei samanhengane der vi blir høyrte og når fram med vårt syn. T.d. i høyringsuttaler og møter, skuleprosjekt og turar, konferansar og seminar der vi vert invitert inn. Men vi har også tatt i bruk «utestemme» på demonstrasjonar og andre markeringar, når dette er mest hensiktsmessig; eller når dialogen ikkje fører fram.

Styret og administrasjonen har fortsett sitt arbeid for å utvikle organisasjonen også i år, både når det gjeld medlemmer, lokallag, tillitsvalde og administrasjon. Det har gitt svært gode resultat, med lokallag i enda ein ny kommune (Bjørnafjorden), og ikkje minst ein medlemsvekst utan sidestykke i Naturvernforbundet si historie. (Sjå meir om utviklinga i organisasjons-kapittelet nedanfor.)



Figur 2 - Workshop for lokallaga.


Med tanke på at det også i 2023 var ei kraftig satsing på utvikling av organisasjonen, mellom anna med lokallag i fem nye kommunar, var det viktig å følge opp dei nye lokallaga og tillitsvalde på ein god måte; mellom anna med å bidra til god kompetanseutvikling i heile organisasjonen. NVH ønskte også å gjere fylkeslaget meir relevant for lokallaga, tillitsvalde og frivillige; og har difor søkt å skape meir aktivitet i kommunane utanfor Bergen, samstundes som at ein har søkt å involvere lokallaga i stadig fleire prosessar og hendingar.

NVH har valt en desentralisert organisasjonsform med stor tillit til lokallaga. Sammen med organisering av tre faggrupper under NVH, Klima- og transportgruppa, Naturmangfoldsgruppen og Havbruksgruppa har dette gitt høy aktivitet og gode resultat.

Vi ønskte også å vidareføre denne utviklinga av organisasjonen utan at det gjekk ut over prosjekta våre, då dei er viktige for å inspirere, gi kunnskap, demonstrere effekt og skape merksemd om mange ulike aspekt ved natur- og miljøarbeidet. Dette lukkast vi med, og har fått gode resultat frå nær sagt alle prosjekta vi har stått føre (sjå meir info om prosjekta våre i kapittelet Prosjektarbeid).

Vi har i 2024 vidareført våre ulike arbeidsmåtar. I tillegg til bruken av inne- og utestemme har vi auka opp bruken av juridisk ekspertise; også takk vere gode partnerar på feltet som har bidrege gratis eller til sterkt rabatterte kostnader for NVH.

Våre arbeidsmåter



Figur 3 - Våre arbeidsmåtar

Vidare førte vårt arbeid med Skogsbilveg-sakene til ei omfattande høyring i Bergen kommune, arrangert i fellesskap av Utval for Miljø og Byutvikling og Utval for Finans, Kultur og Næring. (Sjå kapittelet Viktige enkeltsaker for meir info).

Vårt politiske påverkingsarbeid har også vore viktig for å vinne fram med vårt syn i fleire viktige saker, som Hordfast, bybane til Åsane, ulovlege skogsbilvegar, oppfølging av FNs Naturavtale/Montrealavtalen, Kokstaddalen, Austrheimsmarka osv. Vi har også arrangert fleire ekskursjonar, m.a. til karbonfangst-anlegget i Øygarden, oljeraffineriet på Mongstad, og dialogmøter m.a. med leiinga i BIR, og på Equinor sin samling for 800 av deira tilsette – for å nemne noko.

Vi har også hatt tydelege gjennomslag i media, t.d. gjennom lesarinnlegg og tipse/bistå redaksjonelle artiklar og saker i radio, TV, SOME, podcast, egne nettsider, filmsnuttar osv. Vi har også uttalt oss om lakseoppdrett i The London Times og den franske avisa La Voix du Nord; og kommentert regjeringa sin handlingsplan for naturmangfold på nasjonale nyhendesendingar.



Figur 4 – Leiar Tom Skaug om regjeringa sin handlingsplan for naturmangfold.

Ut over dette har vi stått for eit godt knippe med arrangement, både opne og retta mot eigne medlemmer. (Naturlig Onsdag-arrangement, temakvelder, meningsutveksling, i tillegg til formidlingsarbeidet i prosjekta.)

Oppslag og lesarbrev i media har sett fokus på motorvegplanar, cruise, tog, ulovlege skogsbilvegar, nedbygging av natur, elektrifisering av sokkelen, plast, ny krafttrasé Samnanger-Kollsnes, miljøgifter i naturen med meir. Vi har demonstrert mot Bergen kommune i samband med kutta i støtta til miljøorganisasjonar og nedlegging av Klimaetaten, møtt ei rekke politikarar, halde innlegg og føredrag, arrangert Naturlige onsdagar, gitt innspel til fleire parti sine partiprogram, arrangert synfaringar, turar, Naturvern-samling i Hardanger, gjenbruksveke og dugnadar mot skadelege framande artar, plukka plast, laga blomsterenger med skular og hatt fiksefestar. Vi har bistått Miljøagentene med arrangement, samt med å utvikle organisasjonen i Hordaland, jobba for etablering av sirkulære verdikjeder, mot miljøkriminalitet og fått med enda fleire frivillige.

På kontoret har administrasjonen bestått av fem årsverk.

Vi hadde 4407 medlemmar per 31.12.2024, etter ein formidabel medlemsvekst i første kvartal av 2024. Ved årsskiftet 2023/24 hadde vi til samanlikning 3823 medlemmer, og på same tid i 2022 var talet 3675.

NVH utgjer litt over 10% av medlemsmassen til Norges Naturvernforbund, og vi har lokallag i 16 av dei 25 kommunane i Hordaland.

Studentlag er frå og med 2024 organisert i Natur og Ungdom, og inngår følgeleg ikkje lenger som lokallag i NVH.

Arbeidsprogram 2024 – Har vi nådd våre mål?

Årsmøtet i NVH vedtok følgjande arbeidsprogram for 2024:

Hovudmål:

- 1. Få gjennomslag for dei prioriterte sakene våre*
- 2. Nå vervemål på 5000 medlemmar i Hordaland*
- 3. Styrka fylkeslaget gjennom rekruttering av frivillige, etablere nye lokallag og trygge arbeidsplassane*

For å få viktige natur-, klima- og miljøsaker på dagsordenen, vil Naturvernforbundet Hordaland (NVH) jobba etter følgande hovudstrategiar:

- Setta dagsorden i offentleg debatt, delta aktivt i relevante ordskifte samt driva informasjonsarbeid.*
- Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.*
- Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.*

I 2024 vil me særskilt jobba for at:

BEVARING AV NATUR

- *Legga fram forslag til vern av nye naturområde i tråd med Montreal-avtalen*
- *Eit fleirtal av kommunane i Hordaland vedtek arealnøytralitet eller arealpositivitet som styringsmål og utarbeidar kommuneplanar og strategiar for natur og klima*
- *Restaurering av særskilt viktige naturtypar som myr og kystlynghei vert auka*
- *Utbyggingsplanar som føresett øydelegging av store og/eller viktige naturområder, som Hordfast, Eidfjord Resort, Kildn, Norsk vind i Stølsheimen, og Øksnesmarka vert skrinlagt*
- *Utbygging av skogsbilvegar i Hordaland vert sterkt redusert, og det blir slått ned på ulovleg naturøydelegging knytt til utbygging av skogsbilvegar*
- *Det vert meir frivillig skogvern i vår del av Vestland*
- *Det vert innført krav om lukka anlegg i oppdrettsnæringa og redusert volum i opne anlegg*
- *Vassdraga våre vert tekne vare på, og at fleire vassdrag blir vurdert verna*

INDUSTRI, KRAFT OG SAMFERDSEL

- *Utbyggingsprosjekt som bidrar til redusert klimaavtrykk, som bybane til Åsane og utbetra togtrasé Bergen-Voss, blir realisert raskast råd. Naturvernforbundet Hordaland går imot motorveg Arna – Trengereid.*
- *Elektrifisering av sokkelen med kraft frå land vert skrinlagd*
- *Industrien i Hordaland gjennomfører grønn omstilling med vekt på redusert karbonavtrykk, låg energibruk og nyttiggjering av spillvarme. Dei store punktutslappa (BIR Rådalen, Mongstad m.fl.) blir stilt krav om plan for nedtrapping av utslipp.*
- *Nytt transmisjonsnett for kraft i hovudsak fylgjer eksisterande trasear eller blir lagt i sjø eller jord*
- *Offentlige tilskudsordningar til etterisolering, varmepumper og bergvarme, og mikroproduksjon av strøm fra sol økes*

ORGANISASJONSUTVIKLING

- *Det blir auka kontakt mellom fylkeslaget og (særleg dei nye) medlemmene, m.a. med minst to medlemsmøter i løpet av året*
- *Fleire engasjerer seg som frivillige i Naturvernforbundet*
- *Lokallaga får oppfølging og hjelp av fylkeslaget etter behov*

Gjennom ulike prosjekt vil vi også fortsette med å formidle praktisk kunnskap og erfaring om korleis ein førebygger naturskade og negativ klimapåverknad, og korleis ein best bevarer og restaurerer natur.

Rapportering på oppfølging av arbeidsprogrammet

For at årsmøtet skal få ein god oversikt og kontroll med korleis styret har følgd opp arbeidsprogrammet, har arbeidsprogrammet blitt omformulert til konkrete og målbare handlingspunkt. Styret har deretter vurdert både innsats og måloppnåing på kvart einskild handlingspunkt, sett opp i følgjande matrise:

Hovudmål:	Innsats	Måloppnåing
Få gjennomslag for dei prioriterte sakene våre		
Nå vervemål på 5000 medlemmar i Hordaland		
Styrka fylkeslaget	grønt	
Hovudstrategiar:		
Setta dagsorden i offentleg debatt/informasjonsarbeid.		
Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.		
Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.		
I 2024 vil me særskilt jobba for at:		
BEVARING AV NATUR		
Legga fram forslag til vern av nye naturområde i tråd med Montreal-avtalen		
Kommunane vedtek arealnøytralitet og utarbeidar klimastrategiar		
Auke restaurering av særskilt viktige naturtypar		
Få skrinlagt store utbyggingsplanar		
Kamp mot skogsbilveggar		
Meir frivillig skogvern i vår del av Vestland		
Lukka anlegg i oppdrettsnæringa og redusert volum i opne anlegg		
Få vurdert vern av fleire vassdrag		
INDUSTRI, KRAFT OG SAMFERDSEL		
Realisere Utbyggingsprosjekt som bidrar til redusert klimaavtrykk		
Elektrifisering av sokkelen med kraft frå land vert skrinlagd		
Grøn omstilling for industrien; krav om plan for utslipp for store punktutslipp		
Nytt transmisjonsnett for kraft i eksisterande trasear; evt. i sjø eller jord		
Tilskotsordningar til etterisolering/varmepumper/ bergvarme; auke mikroprod. av solstrøm		
ORGANISASJONSUTVIKLING		
Auka kontakt mellom fylkeslag og medlemmer, minst to medlemsmøter		
Fleire frivillige i Naturvernforbundet		
Lokallaga får oppfølging og hjelp av fylkeslaget etter behov		
Formidle praktisk kunnskap og erfaring gjennom prosjektene		

(Forklaring: grøn farge = i stor grad; gul = i nokon grad; og raud = i liten grad)

Prosjektarbeid

Prosjekta våre skal først og fremst inspirere og formidle gode tilnærmingar for miljøet og naturen på ulike område.

Vi hadde følgjande prosjekt med oss inn i 2024:

Naturglede er ein arrangementsserie som skal rekruttere fleire skånsomme naturbrukarar, særleg i underrepresenterte målgrupper. Dette er i stor grad innvandrarar og økonomisk vanskelegstilte familiar, dermed har prosjektet også ein flott sosial profil. Naturglede hadde eit tresifra tal deltakarar på ei rekkje arrangement gjennom året. Ansaret for prosjektet vart i 2024 overført frå Jeanette Tennebeek til Mona Løberg.

Ta vare på det du har hadde om lag 20 aktivitetar som bidrog til målet om å gjere ombruk, reparasjon og deling meir attraktivt. Det blei solgt fleire reparasjonsgåvekort enn året før, og prosjektet har ei god frivillig-gruppe; og samarbeid med ei rekkje andre aktørar. Prosjektleiari: Lena Teigland.



Figur 5- Reparasjonskveld.

Plastjakten har rydda betydelege mengdar avfall med hjelp av fleire hundre menneske, fordelt på ei rekkje ryddeaksjonar i heile Hordaland i 2024. I tillegg har prosjektet vidareutvikla NaturVest-podden, samt drive formidling gjennom plastnyheitsbrev, artiklar, foredrag, og ekskursjonar med budskapen om redusert plastforbruk og forsøpling. Prosjektleiari: Ingvild Sundal Joys.

Oppdrag Blomstereng har utvikla eit komplett undervisningsopplegg for skuleverket, og fleire titals skular har gjennomgått undervisningsopplegget. Mange av desse har etablert blomstereng på sin skule. I 2024 har skular i fleire fylke tatt opp prosjektet, og NVH er gitt ei leiarrolle i høve til å prøve å rulle ut prosjektet nasjonalt. Forskningsrådet anbefalar også Oppdrag Blomstereng på sine nettsider, som vitnar om kvaliteten på undervisningsopplegget. Prosjektleiari: Jeanette Tennebekk.



Bevaring gjennom skjøtsel restaurerer kystlynghei og fjernar framande artar. På Rapeneset er det i 2024 gjennomført ei rekkje dugnadar, dugnadsleiarsamling, slåttekurs, førstehjelpskurs, motorsagkurs, samt at det er rekruttert inn fleire dugnadsleiari. I Langeskogen var det også seks dugnadskveldar for fjerning av Hemlokk. Prosjektleiari: Jeanette Tennebekk.



Figur 6- Slåttekurs på Høyseter i august 2024.

Blomster og bier i byen betrar tilhøva for pollinerande insekt. Dei har fått ei nær sjølvgåande frivilliggruppe, som har stått for ulike aktivitetar som humlekassekurs o.a. Prosjektleiar: Jeanette Tennebekk.

Det vart vidare starta opp fem nye prosjekt i 2024:

CircleUp er eit forskningsprosjekt i regi av Horizon Europe der målet er å engasjere 100 husholdningar til å ta meir sirkulære og berekraftige val for å redusere sine avfallsmengder.



Naturvernforbundet Hordaland er ein av ti partnarar, og saman med NTNU representerer vi Norge. Dei resterande partnarane er fra Lativa, England, Tyskland og Portugal.

Vår rolle er i hovudsak å rekruttere 25 husholdningar frå Norge, samt følgje opp og gi råd til desse gjennom prosessen. Prosjektleiar: Lena Teigland.

Skogens uro

I prosjektet Skogens uro skal vi bidra til mer kunnskap om skog på Vestlandet, både for skogeiere, i kommunene og for den allmenne befolkningen. Vi avdekker hvilke behov som finnes blant ulike interessenter. Vi legger til rette for naturglede i skog, økt artsregistrering gjennom kartlegging og øke skogkompetansen blant grunneierne, ikke minst skape dialog og debatt om den fremtidige skogforvaltningen. På den måten kan vi bidra til mer vern og beskyttelse av den varierte naturskogen. Prosjektleiar: Jeanette Tennebekk.

Sirkulære verdikjeder:

Auka sirkularitet er eit sentralt politisk mål både lokalt, nasjonalt og globalt, så kvifor blir det ikkje etablert fleire sirkulære verdikjeder? Nokre av desse krevjer store samfunnsendringar, men vi meiner også det er stor overføringsverdi mellom sirkulærprosjekt, så det er viktig å komme raskt i gong med både små og store sirkulære verdikjeder. NVH har etablert eit samarbeid med Haukeland sjukehus for å resirkulere plasten deira til nye produkt som så vert selt tilbake til Haukeland. Prosjektet har hatt ei lovande utvikling gjennom 2024, men diverre har det ikkje lukkast enda med å finansiere opp prosjektet. Prosjektleder: Pål Fidjestøl.

Ut mot Miljøkriminalitet:

Miljøkrim er diverre eit veksande arbeidsområde, der vi får stadig fleire tips og førespurnadar frå publikum. Mellom anna på grunn av våre gode resultat og tydelege mediaprofil kring ulovlege skogsbilvegar. Dette arbeidet vart organisert som eit eige prosjekt seinhaustes i 2024, og har allereie fått noko prosjekttilskot. Finansieringsarbeidet blir difor trappa opp i 2025, med målsetting om å etablere ei ressursgruppe som kan følgje opp miljøkrim, samt å etablere ein 5-sifra tipstelefon som evt. kan rullast ut nasjonalt. Prosjektleder: Pål Fidjestøl.

Naturens Stemme:

Kven passar på at kommunane følgjer opp FNs Naturavtale i tråd med det den norske stat har forplikta seg til? Ei rekkje NRK-artiklar har sett lys på at det ikkje er god nok arbeidsdeling mellom staten og kommunane, og for dårleg kunnskap i kommunane om Naturavtalen og kva verktøy ein har til å oppfylle den. Regjeringa si «Naturmelding» (Meld. St. 35 «Bærekraftig bruk og bevaring av natur — Norsk handlingsplan for naturmangfold») inneheld diverre heller ikkje konkrete tiltak i nokon særleg grad. Vi ønskjer difor å utvikle ein «verktøykasse» med tiltak, og formidle til kommunane konkret kva dei må gjere for å oppfylle Naturavtalen – og kva dei må slutte å gjere. Arbeidet for å finansiere opp prosjektet startar opp v-2025. Prosjektleiing: Styret.

Tre prosjekt vart avslutta i 2024:

Du Slettetid har fokusert på energien som krevst for å lagre data, og mengda av unødvendig data som tar opp lagringsplass og bruker energi, i staden for å bli sletta. Prosjektet har resultert i diverse nettsideartiklar med råd og tips til publikum. Prosjektleder var Mona Løberg.

Energismart rådgir huseigarar som vil redusere energibruken i husa sine. Ny nettside vart presentert i slutten av 2023, og då blei det naturleg å sette eit punktum for prosjektet. Fleire kommersielle tilbydarar har tatt opp tråden med rådgiving til huseigarar; slik at behovet for vår innsats på dette området naturleg er redusert. Prosjektleder var Lena Teigland.

Miljøvenleg Mat fekk løfta berekraft og miljø på dagsorden blant matprodusentane og i sosiale medier, og gjennom eit konstruktivt og hyggeleg samarbeid med Vestland Bondelag sette prosjektet lys på korleis forbrukarar kan velje meir miljøvenleg mat, samt korleis norske matprodusentar kan produsere meir berekraftig. Prosjektleder var Mona Løberg.

Viktige enkeltsaker

Fleire miljø saker er lista i innleiinga. Her er litt meir om nokon av dei mest sentrale sakene:

Naturavtalen

FNs naturavtale, offisielt kalla Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework, vart signert av Norge og 196 andre land i desember 2022. Avtalen går enkelt sagt ut på at alle land forpliktar seg til å verne 30% av natur på land og 30% av natur i sjø, samt restaurere 30% delvis øydelagt natur, innan 2030.

Til tross for at det er over to år sidan avtalen vart signert, er det ikkje avklart korleis Norge skal overhalde avtalen. Arealforvaltning er ei oppgåve som i overveiande grad ligg til kommunane, dermed har NVH konsentrert sin innsats mot kommunane i Hordaland, mot både administrasjon og kommune-/heradsstyrer. NVH har tilbode hjelp til kommunar, då særleg til administrasjonen. Vi har opplyst om støttemidlar, og vist til nyttige verktøy for kunnskapsinnhenting og vern av natur. På politisk nivå har vi opplyst om lovverk, og både utfordra kommunestyrerepresentantar og forsøkt å påvirke ulike politiske parti og grupperingar til å iverksette konkrete tiltak i sin kommune.



Figur 7- Synnøve Spangelo på høring om Bergen kommune si handtering av bygging av skogsbilvegar.

Skogsbilvegsaker og søksmål mot LMD

Hausten 2023 gjekk NVH til søksmål mot Landbruks- og Matdepartementet (LMD), fordi vi etter 10 månadar ikkje hadde fått svar på vår omgjeringsbegjæring av legalisering av ein skogsbilveg ved Vetten på Hylkje (skal normalt besvarast innan 3 veker). I januar 2024 fekk vi svar på søksmålet. Der gjorde ikkje berre LMD om på vedtaket, dei viste til at alle ulovleg bygde skogsbilvegar må handsamast etter (den omfattande) plan- og bygningslova, og at

kommunane ikkje har høve til å nytte (den langt enklare) landbruksvegforskrifta. I praksis blei dette eit flott nytt verktøy i arbeidet mot skogsbilvegar, då det gjer godkjenningssprosessen i ettertid meir omfattande, og sørgar for ein meir offentleg prosess.

Vi har arbeidd med å gjere vedtaket og konsekvensane av det kjent både i Naturvernforbundet og i kommunane, og følgd opp at Statsforvaltaren i Vestland endrar sine retningslinjer og råd til kommunane. Vårt arbeid mot ulovlege skogsbilvegar har dermed etter vedtaket fått ein stor boost, ikkje berre i Hordaland men i fylkes- og lokallag over heile landet. Vi ser også at Statsforvaltaren både har endra retningslinjene, og held seminar for kommunar og utbyggjarar om korleis dei bør forhalde seg til den nye tolkinga av lovverket.

I høve skogsbilveg-sakene i Bergen har Utval for miljø og byutvikling (UMBY) og Utval for finans, kultur og næring (UFKN) i samarbeid arrangert ei stor høyring i bystyret for å få klårheit i kva som har skjedd og korleis kommunen bør handtere slike saker i fortsettinga, på bakgrunn av funn, varsler og politimeldingar frå NVH. Dette har så langt ført til brei politisk støtte og lovnadar om opprydding frå kommunen – men det er framleis naudsynt og viktig at vi følgjer opp i fortsettinga.

Hordfast

Vi opplever å ha fått både betydeleg gjennomslag i både einskilde prosjekt og i synet på store samferdsleprosjekt som føresett storstilt nedbygging av urørt natur. Ei meiningsmåling frå Norstat (for NRK) frå august 2023 viste t.d. at nær 70% av vestlendingane var negative til Hordfast. Og fleire politiske parti har løfta vern av natur mot nedbygging enda høgare i si prioritering og agenda.

Oppdrett

NVH har hatt stor fokus på havbruksnæringane gjennom 2024; i hovudsak gjennom Havbruksgruppa (sjå nedanfor). Men også fleire lokallag har jobba mykje og godt med dette temaet, og sett fokus på både rømming/truslar mot villaksstammen, utbyggingsproblematikk, utslepp av giftstoffer, fiskehelse og andre relevante problemområde knytt til oppdrett.

Organisasjonsutvikling

Som nemnt i innleiingskapittelet hadde vi 4407 medlemmer per 31.12.2024. På same tid i 2023 hadde vi 3823 medlemmer. Hovuddelen av denne flotte medlemsutviklinga kan høgst truleg sporast direkte til NRK sin artikkelserie «Norge i rødt hvitt og grått» og ikkje minst TV-serien «Oppsynsmannen» med Bård Tufte Johannesen. Under og rett etter denne serien vart sendt fekk NVH ein vekst på over 400 medlemmer, slik at vi nådde målet vårt om 4000 medlemmer i januar 2024.

Lokallag

Lokallaga er ein svært viktig del av Naturvernforbundet, og dei gjer svært mykje solid grunnarbeid og opparbeidar veldig ofte stor kompetanse på «sine» problemstillingar. Vi fekk lokallag i fem nye kommunar i 2024: lokallaget i Kvam slo seg saman med Ullensvang, Ulvik og Eidfjord i Naturvernforbundet Hardanger, lokallaget i Kvinnherad vart gjenoppretta etter å ha blitt nedlagt eit år før, samt at det vart oppretta nytt lokallag i Øygarden. Dermed har vi lokallag i 14 av dei 25 kommunane i Hordaland, samt studentlaget

Naturvernstudentane i Bergen. Lokallaget i Bergen har elles blitt betjent av administrasjonen i NVH. Lokallaga har følgjande medlemsfordeling (tal pr jan 2025):

Bergen:	2620 medlemmer	Leiar: Hallvard Birkeland
Voss:	340 medlemmer	Kontaktperson: Inge Draugsvoll
Hardanger:	258 medlemmer	Leiar: Klaus Rasmussen
Nordhordland:	257 medlemmer	Leiar: Jan Nordø
Askøy:	202 medlemmer	Leiar: Jan Nordstrøm
Øygarden:	158 medlemmer	Leiar: Sunniva Vatle
Stord:	146 medlemmer	Leiar: Hallgeir Matre
Bjørnafjorden:	138 medlemmer	Leiar: Silke Becker
Kvinnherad:	106 medlemmer	Leiar: Mari Teigen Varanes

(Øvrige medlemmer er i kommunar utan lokallag; evt. registrert som medlem i Hordaland)

Fjoråret oppsummert frå lokallaga:



Voss naturvernlag trekk fram Bømoen som den viktigste enkeltsaken i 2024. I arbeidet med å mobilisere for å redde ein svært viktig nærnaturskog, skipa NV Voss ei markering foran Tinghuset, der fleire hundre Vossingar møtte opp, samt en underskriftskampanje der over 2000 signerte. Politikarane og svært mange vossingar har kjempa for saka, som endte godt for Bømoen og naturen.

Av andre høgdepunkt kan ein også nemne NV Voss sin Natur- og flaumkveld der 80 stykker møtte opp. I tillegg til flaum blei temaene ny naturmangfoldsplan, visjon om nasjonalt vassdragssenter og naturrestaureringsprosjektet «Et villere Voss» presentert. Både kompetanseheving og praktiske tiltak står sentralt i dette prosjektet, som startar opp med konkrete tiltak i 2025.

NV Voss har også jobba med eit prosjekt med å utrydda kjempespringfrø i Folkedal, som er i rute. Dette er eit unikt prosjekt med fokus på å involvera innbyggjarane, og er eit samarbeid mellom Folkedal ungdomslag, Voss naturvernlag og Voss herad.

I **Hardanger** er dei sterkt involvert i ein klassisk arealkonfliktsak ved Tryglavik nær Jondal. Ullensvang kommune vil ha biogass og industri, og ynskjer å legge området flatt. Naturvernforbundet Hardanger arrangerte difor ein vellukka minifestival i Tryglavik i fjor. Barskogvern har også hatt fokus. NV Hardanger har påpeikt at Kvam herad ikkje har gjort jobben sin med naturregistrering, til tross for at dei har ansvar for regionalt viktig gamal skog. Statsforvaltaren har òg refsa Kvam herad for dette.

Det er òg jobba mykje med Oppdrett og Hardangerfjordens tilstand. Mellom anna vart det skipa til stort ope møte med Havforskningsinstituttet, Norce og Linga laks, som mønstra 70 oppmøtte.

For **NV Nordhordland** har naturraserande kraftlinjer, ulovlege landsbruksveggar, nye oppdrettskonsesjonar midt i villaks-korridorar, planar om kjernekraft, ny E39 gjennom Alver, skjøtsel av lynghei, kommunedelplan for naturmangfald og planvask vore prioriterte saker i 2024.

Høgst på agendaen har kampen mot den tredje forsyningslinja gjennom Nordhordland stått. Gjennom ei kolossal folkeleg mobilisering, og godt samarbeid med organisasjonar og media har dei fått store politiske gjennomslag.

NV Askøy har det siste året hatt fokus på rulling av Kommuneplanen. Dei har brukt mykje tid og ressurser på kampen mot cruisehavn-prosjektet Kildn i det siste urørte kystområdet på søre Askøy.

Laget passerte elles 200 medlemmer i 2024, og Facebook-sida «Eidsvikas Venner» nådde 1472 medlemmer. Det er samla inn pengar, trykka og delt ut 10.000 flygeblader til hustandar på Askøy.



Figur 8- Eidsvika, som er trua av Kildn-prosjektet.

Laget har også i 2024 plukka plast og fjerna framande artar. Og delt ut en miljøvernpris, som i

2024 gjekk til Andre Namvall, som på eige initiativ har plukka søppel langs Askøy-vegane i ei årrekke. Jan Nordstrøm var leiar av laget i 2024.

NV Øygarden har jobba mykje med kommunale planar; dei har t.d. vore på synfaring på både Norhern Lights (karbonfangst) og på Blomøyna (kjernekraft-planar), både delteke på synfaring og sendt innspill til plan på Ebbesvik (utbyggingsplan), i Selstøvågen (kystlynghei) og delteke i Bærekraftsdebatt på Kystmuseet. Dei har også sendt inn innspel til kommuneplanens arealdel (KPA), bedt Statens Vegvesen om info om Sotrasambandet og klagd på både reguleringsplan for industriområde på Eide, og på områdeplan for Bildetangen.

Av aktiviteter har dei arrangert både klesbyttedag og plastrydding. Sunniva Vatle har leia laget i 2024.

NV på Stord har i fjor arrangert stort protestmøte i juni mot vindkraftplanar ved Siggjo, reagert på utsleppsløyve til «Johan Castberg» i Klosterfjorden (i lag med NV Kvinnherad), jobba med vegetasjonskartlegging på Hovaneset, hatt synfaring på rasert naturskog i Sveio, hatt stand på Folkehelsedagane, arrangert utflukter/ naturopplevingar som Fuglesongtur, «Humletur», besøk på Lundemannsverk og delteke på Oppdrag Blomstereng-seminar med Jeanette Tennebekk. I tillegg til å delta på strandrydding, som før. Oppslutnaden har vore god på nær sagt alle tilstelningane.

NV Stord har også jobba politisk mot utbygging av Hystadbakkane, for oppgradering av friluftsområdet Breivikjo, og har lukkast i å få heva båtvraket i Sagvåg. Hallgeir Matre har stått som leiar av laget i 2024.



Figur 9- Frå skipingsmøtet til Naturvernforbundet i Bjørnafjorden.

NV Bjørnafjorden blei skipa 22. april 2024. Laget kom i gong med utadretta aktiviteter i haustsemesteret, m.a. stand på bondelaget i Eikelandssosen sitt arrangement i september, klesbyttedag på Oseana Kultursenter i november o.a. Laget har også kome i gong med å sende inn høyringsuttalar på relevante saker i Bjørnafjorden kommune. Vi kryssar fingrane for at

både aktivitet og medlemstal fortsett å vekse jamnt og trutt i 2025 også. Laget er leia av Silke Becker.

NV Kvinnherad har i 2024 hatt eit breitt spekter av aktivitetar og fokusområde.

Dei har fokusert på å spreie naturglede og naturkunnskap, for å få folk med på laget. Dei har difor arrangert fuglekassebygging, blome- og fuglesangtur, kurs i å lage blomeeng, og naturkafé med føredrag. Alle arrangementa er planlagt vidareført i 2025, samt at leikebytedag saman med biblioteket blir lagt til.

Laget har også engasjert seg i saker som trugar naturen i Kvinnherad, som utviding av lakseoppdrett i Matersfjorden, ny 420 kv kraftlinje Sauda-Samnanger, utbygging i urørt fjellområde med raudlista planter, og forureining frå Johan Castberg-skipet i Klosterfjorden. Laget har i 2024 vore leia av Mari Teigen Varanes.

Faggruppene

Faggruppene er opne faglege forum som konsentrerer seg om eit fagområde som er viktig og krevjande for Naturvernforbundet. Ved inngangen til 2024 hadde vi tre faggrupper: Naturmangfaldsgruppa, Klima- og transportgruppa og Havbruksgruppa.

Naturmangfaldsgruppa har jobba med ulovlege skogsbilvegar, areal- og plansaker i fortettingsområder og oppfylging av Naturstrategien i Bergen. Gruppa har bidratt med dokumentasjon til fleire av styrets/administrasjonens medieutspel, og var sentral i høve til å få i stand den store heildags-høyringa om skogsbilvegar i Bergen Bystyre i september. Naturmangfaldsgruppa har vakse jamt over tid, og talde ved årsskiftet 23 aktive. Gruppa vert leia av Harald Simonsen.

Klima- og transportgruppa jobbar vidare med viktige miljøraker, med spesielt fokus på Hordfast og kraftforsyning i Bergensregionen. For Hordfast er det tatt initiativ til å få utarbeida ei analyse av samfunnsøkonomiske ringverknadar av Hordfast-prosjektet. At naturøydeleggingane er store er det semje om, no er det viktig å avlive myter om positive ringverknadar. Dette arbeidet vil bli gjennomført før påske 2025. Det har òg vore stor aktivitet knytta til ei muleg tredje kraftforsyningslinje frå Samnanger til Kollsnes, med stor innsats frå Naturvernforbundet Nordhordland. Gjennom folkemøter, politisk lobbyverksemd og lesarbrev er det gjort tydeleg at denne linja ikke er naudsynt. Subsidiært foreslår vi ein alternativ trasé som er mer skånsom for natur enn dei foreslåtte frå Statnett.

